




Nye Øygarden
kommune



Fellesnemnda 10.09.18

Orientering frå prosjektrådmannen



Orientering

1. Status kommunalsjefstillinger
2. Status prosjektorganisering
3. Presentasjon Trainee
4. Bruk av Projectplace
5. Mal for prosjektmandat og mal statusrapportering
6. Styringsgruppemøte
7. Status pågåande prosjekt
8. Frigjering av ressursar til ulike prosjekt



1. Status kommunalsjefstillinger

- *Vedtak om overordna adm. organisering 18. juni 2018*
- *Sommaren 2018:*
 - ✓ *Etablert 4 ulike tilsetjingsutval*
 - ✓ *Laga kravspesifikasjon for kommunalsjefstillingane*
 - ✓ *Intern utlysning - frist: 6. august*
 - ✓ *August: intervju*
- *Status no: ekstern utlysning- frist 10. oktober*
- *Sannsynleg med tilsetjing i oktober/november*



Status kommunalsjefstillinger

- Dei tre leiargruppene består av 17 personar (eks. rådmenn).
- Vi har hatt kartleggingssamtaler med leiarane i dei tre leiargruppene.
- 14 personar i dei tre leiargruppene var aktuelle som søkjarar.
- Av dagens 14 var det 7 som søkte- ganske normalt samanlikna med andre kommunesamanslåingar.



Status kommunalsjefstillingar

- Vi ga også «nivå 2» moglegheit å søke- dette er langt over 100 personar.
- Dette er NØK ganske aleine om.
- Av desse var det 4 som søkte.



Status kommunalsjefstillingar

- Kva har andre samanslåingar gjort ?
- Døme





Kjemper om direktørjobbene i Nye Drammen

15 topper skal bli åtte



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Antall toppledere i de tre kommunene som slår seg sammen skal nesten halveres. Om kort tid blir det klart hvem som får fortsette som toppsjef i Nye Drammen.

HERBORG BERGAPLASS
herborg.bergaplass@dt.no

Prosjektrådmann Elisabeth Enger skal ha åtte direktører i ledergruppen sin.

Dette er de nye direktørstillingene:

- By- og stedsutvikling, kultur
- Folkehelse, helse og miljø
- Arbeid og inkludering
- Utdanning
- Omsorg
- Utvikling og digitalisering (stabs- og støttefunksjon)
- Styring og eierskap (stabs- og støttefunksjon)
- Administrasjon og administrativ effektivisering (stabs- og støttefunksjon)

Klart i månedsskiftet

Elisabeth Enger har nå innledende samtaler med de 15 faste lederne. De som er interessert i en av direktørstillingene går så videre gjennom en ordinær rekrutteringsprosess, som et konsulentfirma driver.

I slutten av august eller begynnelsen av september blir det klart hvilke av de nåværende kommunetoppene i Drammen, Nedre Eiker og Svelvik som får direktørjobbene.

Hvis det etter denne runden fremdeles er ledige direktørstillinger, blir det ekstern utlysning. Da kan både interne og eksterne søke.

- Jeg vil ha hele ledergruppen på plass i midten av oktober, sier Elisabeth Enger.



Slik vert leiargruppa i Alver kommune



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

**Slik ser lista ut over dei som får
leiaransvar for dei ulike
avdelingane:**

- Ørjan Raknes Forthun, rådmann (Lindås)
- Martin W. Kulild, assisterande rådmann (Meland)
- Jarle Landås, assisterande rådmann (Radøy)
- Hogne Haugsdal, samfunnsutvikling (Lindås)
- Lisbeth Toppe Alvær, HR og utvikling (Radøy)
- Janne Sund, økonomi (Lindås)
- Leni Dale, helse og omsorg (Lindås)
- Kristin Moe, oppvekst (Lindås)
- Anny Bastesen, teknisk drift og forvaltning (Meland)

Arbeidet med å byggje Alver kommune er godt i gang. I november vart det klart kva roller dei tre rådmenna skulle få, no er heile leiargruppa på plass.

Ville ikkje skapa unødig uro

Er overtydd om at det både praktisk og organisatorisk er lurast å velja Alver-leiarar blant dei som har tilsvarande funksjonar i Lindås, Meland og Radøy.

Stig Erik Elliott
stig@strilen.no

– Det er kommunar som kjører heilt opne prosesar der alle leiarstillingar på alle nivå blir lyste ut, slik at både interne og eksterne kandidatar kan søkja. Me meiner at dette kunne skapt mykje uro, og ikkje gitt rette inngangen til Alver kommune, seier påtroppande Alver-rådmann Ørjan Raknes Forthun.

9 av 12

Han har no fått sett den øvste leiargruppa i nyekommunen. Dette er gjort ved å sondera dei 12 kommunale toppleiarane som i dag

finst i Lindås, Meland og Radøy.

Ni har fått plass i den nye leiargruppa, tre ikkje. Raknes Forthun framhevar at det er kjørt grundige prosesar for kvar funksjon, med hjelp frå tillitsvald og rekrutteringsselskap.

– Alle dei 12 kandidatane hadde jo ambisjonar om å bidra inn i ei leiargruppe i Alver kommune. Slik sett kan ein forstå om nokon er skuffa. Samtidig har me rikeleg med spennande jobbar i Alver kommune, så det skal ikkje stå på utfordringar for nokon, seier Raknes Forthun.

Kulturbygging

Når leiargruppa no skal starta arbeidet med å utpeika leiarar på ulike nivå nedover i organisasjonen, vil Raknes Forthun og kollegaene jobba etter same metodikk som med leiargruppa.

– Me vurderer dei som har tilsvarande leiarjobbar i dei tre kommunane i dag, seier Raknes Forthun.

Uroa og usikkerheita som opne utlysingar truleg hadde medført, kunne, slik Raknes Forthun ser det, skapt ein unødvendig trong inngang til Alver kommune.


– Me skal jo skapa noko nytt saman. Kulturbygging og teamarbeid i Alver kommune kunne blitt skadelidande, meiner Raknes Forthun.


Tenester før folk

Samtidig påpeikar Alver-rådmannen at opne utlysingar ville medført mykje ekstraarbeid i samband med tilsetjingsprosane. Mange eksterne kandidatar måtte bli vurderte, og interne kandidatar kunne søkt på fleire ulike stillingar i kommunen.

– Me ønskjer å komma raskt i gang med skissera og planleggja tenestetilbodet i Alver kommune. Då kan me ikkje ha tilsetjingsprosar som stel all tid, seier Raknes Forthun.

2. Status prosjektorganisering






Etablert

Døme på aktuelle prosjekt



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE



3. Presentasjon Trainee

- Line Markhus
 - Utdanning:
 - Master i Innovasjon og leiing (Høgskulen på vestlandet, HVL)
 - Masteroppgåve om «*mellomledere som innovasjonsledere i offentlig sektor*».
 - Bachelor i HR og Personalledelse (Høyskolen Kristiania. HK)
- Trainee Vest
 - Bergen Næringsråd sitt program
 - Mål
 - Tiltrekkje seg dei beste nyutdanna talenta til næringslivet i regionen.
 - Byggje nettverk og diskutere utfordringar saman med andre nyutdanna.
 - Foredrag og samlingar to gonger i mnd.
 - Fokus på dagsaktuelle tema som innovasjon og digitalisering.

4. Bruk av Projectplace

- Prosjektstyringsverktøy
 - Nettbasert løysning.
 - Gir god oversikt over prosjektet sine milepelar og aktivitetar.
 - Aktivitetane kan brytast ned til spesifikke arbeidsoppgåver.
 - Lett for prosjektmedlemmene å kommunisere seg i mellom.
 - Sikrar heilskapleg oversikt og styring for overordna styringsgruppe.



5. Mal for prosjektmandat og mal statusrapportering

- Felles maler:
 - Prosjektmandat delprosjektleder
 - Prosjektmandat prosjektleder
 - Mal oppdrag for prosjektrådmann
 - Mal for statusrapportering og sluttrapport
- Intensjonsavtalen er grunnlag for prosjektmandat



6. Overordna styringsgruppemøte

- Overordna styringsgruppemøte 1 gong pr. månad (og etter behov)
- Første møte 3. september er gjennomført
- Framdriftsplan
- Rolleavklaring
- Medlemmer:
 - ✓ Rådmennene
 - ✓ Delprosjektlederar
 - ✓ Nina Zandstra (representant for Unio)
 - ✓ Solveig Rong (representant for LO)
 - ✓ Anne Grethe Andersen (representant for YS)
 - ✓ Lars Hausnes (representant for Akademikerne)
 - ✓ HVO: Trude Villanger



7. Status pågåande prosjekt

- **PS 36/17- vedk. ny matrikkel**
 - ✓ Pågåande – vert slutført seinast 3. kvartal 2019
- **PS 4/18 – vedk. fråsegn til budsjett og skuggebudsjett Nye Øygarden kommune 2019**
 - ✓ Når dei tre kommunane har klart sine budsjettframlegg, vert dette samla i eitt dokument. Sak FN i november 2018

Status pågåande prosjekt

- **PS 15/18- vedk. etablering av nytt NAV-kontor**
 - ✓ Pågåande prosjekt
- **PS 22/18- vedk. val pensjonsleverandør**
 - ✓ Er under etablering



Status pågåande prosjekt

- **PS 38/18- vedk. delegasjon og adm. tilsetjingsutval**
- I prosess- vert fulgt opp
- **PS 39/18- tilsetje rådmann**
- ✓ I prosess- vert fulgt opp



Status pågåande prosjekt

- **PS 40/18- vedk. eigarskap**
- I prosess- vert fulgt opp
- ✓ Det har vore møte mellom prosjektrådmannen, tillitsvald og styreleiarar/daglege leiarar i Sund VA og Fjellvar (16/8). Avtale om juridisk bistand er inngått med advokatfirmaet Harris.
- ✓ Første møte med Harris er 18. september.



Status pågåande prosjekt

- **PS 41/18- vedk. overordna administrativ organisering**
 - Fellesnemnda ber om at det i det vidare arbeidet særskilt blir sett på korleis ein skal løysa utfordringar i høve til oppgåver som krev samhandling mellom dei ulike kommunalområda. Når det gjeld namn på dei ulike kommunalområda ber fellesnemnda prosjektrådmannen om å vurdere desse på nytt, sett opp mot innspel, intensjonsavtala og drøfting i fellesnemnda
- ✓ Vert fulgt opp.



Status pågåande prosjekt

- **PS 47/18- vedk. retningslinjer for endring av adressenamn**
 - ✓ I prosess- vert fulgt opp.
- **PS 47/18- vedk. samordne adressesystem**
 - ✓ I prosess- vert fulgt opp



IKT – status

- **Sak/arkiv system** - nytt system innan mars 2019.
- **Økonomi/Hrm/Løn** - ein tek sikte på å ha på plass eit system innan februar månad 2019.
- **Pleie og omsorgssystema** - tilråding kom til prosjektrådmannen i veke 36 (fredag).
- **Andre fagsystem** - Det er behov for dialogmøter innanfor kvart område for å gje ei tilråding til prosjektrådmannen på arbeidsgrupper og arbeid vidare.

IKT – status

- Ein har fått oversikt over alle system som er i bruk. Det er kartlagt kostnader og ressurspersonar knytt til kvart system. Informasjonen er sendt til innkjøpsgruppa som er etablert. Dei ser på regelverket kring offentlig anskaffing.
Det vert no fortløpande gjennomført dialogmøter innanfor kvart område for å gje ei tilråding til prosjektrådmannen på arbeidsgrupper og arbeid vidare
- Server og infrastruktur
 - Det er etablert ein felles lisensavtale for Fjell, Sund og Øygarden. Avtalen er etablert på ein slik måte at den fortsett inn i nye Øygarden kommune. Atea vant denne avtalen
 - Det er etablert ein felles rammeavtale for dataroms-utstyr for Fjell, Sund og Øygarden. Avtalen er etablert på ein slik måte at den fortsett inn i nye Øygarden kommune. Bedriftssystemer vant denne avtalen
 - Ein held no på med å sy saman eit forslag til ny dataroms-løysing for nye Øygarden kommune
 - Forslag til løysing ligg føre i løpet av september månad, og innkjøp kan då skje fortløpande
 - Ny infrastruktur vil vere på plass innan januar 2019



IKT – status

- Det er etablert ein felles rammeavtale for nettverksutstyr for Fjell, Sund, Øygarden og Askøy kommune. Avtalen er etablert på ein slik måte at den fortsett inn i nye Øygarden kommune. Conscia vant denne avtalen
 - Ein held no på med å planlegge og designe ny nettverksinfrastruktur for nye Øygarden kommune. Ein arbeidar for å leggje om dagens kommunar på ein felles plattform før 2020
- Det er etablert ein felles rammeavtale for telefoni. Fjell, Sund og Øygarden er med på «Haugalandsavtalen». Dette er ein stor rammeatale som fleire kommunar er med på. Telenor vant denne avtalen. Avtalen er etablert på ein slik måte at den fortsett inn i nye Øygarden kommune
 - Ein har starta arbeidet med å kartlegge behovet for telefoni i nye Øygarden kommune. Det er laga ein oversikt over alle bygg og kva utstyr som er på kvar plass
 - Ein held på med å utarbeide eit spørjeskjema som skal ut på alle einingar slik at ein kan få oversikt over kva behovet er. I dette arbeidet vil IKT standardisera slik at kvart bygg vert utstyrt etter ein standard. Det kan til dømes vere forskjell på skular og barnehagar.

•

Status innkjøp

- ✓ Ved samanslåing av kommunane er det fleire kontraktar/fagsystem som vil vere moden for konkurranseutsetting. Dette har samanheng med at kontraktane sin karakter naturleg vil bli vesentleg endra grunna storleiken på den nye kommunen. Det er også kontraktar som har ein varigheit som tilseier at dei er moden for ny utlysing.
- ✓ Dei mest sentrale fagsystem kan bli fornya over ein 4-års periode. Innkjøpsgruppa har som oppgåve å utarbeide ein innkjøpsplan som skal vise ein gjennomførbar fornying av kontraktar som er moden for konkurranseutsetting. Innkjøpsplanen vil kunne strekke seg inn i den nye kommunen.



Status innkjøp

- ✓ Anskaffing tek tid:
 - ✓ Utarbeiding av kravspesifikasjon
 - ✓ Gjennomføring av innkjøp(innkjøpsgruppa)
 - ✓ Implementering
 - ✓ Opplæring av tilsette
 - ✓ Osb.



Status innkjøp

- Stort omfang av avtaleområder som må vurderast og mange oppgaver som må løysast framover.
- **Avtale inngått med rådgjevar innkjøp**
 - ✓ Avtale er inngått med Odin prosjekt.
- **Arbeidsgruppe er etablert**
 - ✓ Medlemmar frå alle kommunane og Odin prosjekt. Arbeidsområde er oppretta i Projectplace

Status innkjøp

- **Avtalekartlegging**

- ✓ Kartlegging er klar innan 1- 2 veker for kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Vi er i gang med å samanstille og klargjere for importere/registrering i web-basert system – Mercell. Presentasjon av avtalane i Mercell vil truleg vere klar til den 17.09.
- Systemavtalar: Odin er kopla på i vurdering av dei avtalane som hastar mest. Arbeidet knytt til økonomisystem, sak/arkiv, epj-system er i gang.
- Reskontro-analyse: Odin gjennomgår data og vil gjere ei analyse. I tillegg skal det setjast opp ei liste over kva avtalar Nye Øygarden «bør ha».



Status innkjøp

- **Mercell: verktøy for konkurransgjennomføring (KGV) og konkurranse administrasjon (KAV)**
- Lovkrav med frist 1. juli 2018 for kommunale og fylkeskommunale myndigheter og andre offentlige myndigheter om å ta i bruk elektronisk system.
- Nye Øygarden (Fjell/Sund/Øygarden) har tilpassa seg dette ved å ta i bruk eit slikt system - Merzell. Merzell er eit web-basert system som nyttast til utlysning av konkurransar (KGV-delen). Avtaledelen (KAV-delen) er også teke i bruk for å ha oversikt over avtalane med innkjøpssamarbeidet og eigne avtalar.
- Bergen kommune (innkjøpsavdelinga) og Merzell har gjort tekniske tilpassingar i Merzell-løysinga til Nye Øygarden kommune.

Status innkjøp

- **Juridisk rådgjevar**
 - ✓ Konkurransen er gjennomført og leverandør er advokatfirma Harris.
- **Sekretariatsteneste for kontrollutvalet Nye Øygarden kommune**
 - ✓ Arbeid med planlegging av ny konkurranse er satt i gang. Innkjøpsgruppa har gitt råd om metode og konkurransegrunnlag og vil også bistå seinare i prosessen.

Status innkjøp

- **Framdriftsplan vidare arbeid**
 - ✓ Odin prosjekt og arbeidsgruppa for innkjøp arbeider med vidare framdriftsplan. Det vil vere mange nye anbodskonkurransar som må planleggast og gjennomførast frå no og mot 01.01.2020.
- Ei rekkje andre oppgåver knytt til innkjøp framover

8. Frigjering av ressursar til ulike prosjekt

- No går vi inn ein fase der resten av organisasjonen skal byggjast.
- Samspelet/drøfting/informasjon ift. dei tillitsvalde har svært høgt fokus, m.a skal det vere drøftingsmøte 17.9 der td tema er avklaring av «uberørte» einingar.
- Naudsynt at dei tre kommunane bidreg med ressursar.

